



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 3, 58. ÅRGANG, 2019





Med 12 – 15 ungar og foreldra deira framfor oss, Ellen i stolen ved peisen, eg ved flanellografen med «Josef» i handa kom minnet om ei anna scene opp for meg. Småsyskena mine og eg i køyesengene, far på sengekanten medan han fortalde forteljinga om draumaren Josef. Ei dramatisk forteljing om han som vart utsett for brørne si misunning, kasta i den mørke brønnen, seld som slave til Egypt kor han via svik, fengsling, Guds vernande hand, draumetyding og fornya tillit vart sett til å forvalte Faraos sine kornressursar.

Ei forteljing som har vore med meg resten av livet, på så mange måtar. Ho opna døra til eit gyllent rom; der draumar og forteljingar ga høve til større tankar om livet.

Håp når ein seinare kjende seg sviken, misunt, stengt inne i mørket som i ein brønn.

Forteljinga i seg sjølv og minnet om det trygge fellesskapet ho vart formidla i, var så trygt at eit lite barnesinn kunne tørre å leve seg inn i det dramatiske livet til Josef.

Slike forteljingar er rike, mykje rikare enn strengt vitskaplege skildringar av historiske hendingar. Sjølv om vitskapleg historieskriving og kan gje god livsvisdom og livsmot. Desse forteljingane vil svare på dei store spørsmål i livet. Spørsmål som handlar om høvet mellom godt og vondt, mellom Gud og menneske. Spørsmål om meining, noko å orientere seg ut frå når uforutsette ting hender.

Dei som ikkje ser verdien av desse spørsmåla, desse forteljingane som kan gje håp i vanskelege tider, visdom i nye situasjonar vil kan hende kalle dei «BERRE MYTER» - som om myte var noko mindre, uviktigare enn «harde fakta». Vi som ser verdien av dette vil tale om MYTER som meir enn «berre vitskap, berre fakta». Mange av desse forteljingane knyter seg til historiske hendingar, men dei er og større! Dei handlar om Guds finger med i spelet.


Det er dette som gjer bibelen til slik ei fantastisk bok!

Alle desse STORE forteljingane!

Det er difor med stor glede vi har sett i gang eit opplegg for 1. klassingar med familiar der vi fortel nokre av desse store forteljingane. Og så er vona at om dei ein gong i framtida kjem til å kjenne seg som lukka inne i brønnen, hugsar dei forteljinga om Josef, om nytt håp, oppreisning og forsoning.



Mørkt i brønnen var det så visst!



Herren gav, Herren tok, Herrens navn være lovet.

AV: OLE GUSTAV KLEVBORG

Sommer var jeg så heldig å få lov til å være prestevikar i Valdres. Her møtte jeg mange ulike mennesker i ulike situasjoner, og som prestestudent var det godt å få se hva det er som møter meg i enden av studiet. Jeg hadde gleden av å få døpe flere barn og holdt også en del gudstjenester, men det som opptok kanskje det meste av tiden, var gravferdene og jeg vil gjerne dele noen tanker rundt livet og døden, som jeg har fått særlig tid til å reflektere rundt denne sommeren.

En av tekstene som ofte brukes i forbindelse med gravferder er teksten fra forkynneren, hvor det står: «Alt har sin tid, det er en tid for alt som skjer under himmelen...» (For. 3,1) Her står det at det er en tid for de ulike delene i livet, som det å glede seg og det å sørge, og jeg får assosiasjoner til fortellingen om Job. Etter å ha mistet alt han eide, sier han: «Naken kom jeg fra mors liv. Naken vender jeg tilbake. Herren gav, Herren tok, Herrens navn være lovet.» (Job 1,21)

I fortellingen om Job er et ingen tvil om at tiden var inne for å sørge. Likevel er det ikke en motsetning når han i det første kapitlet avslutter med å prise Herren. Også når vi mister noen og alt kan virke håpløst, er det nettopp håpet vi



må holde fast ved. Håpet til Gud som har skapt oss og som er opprettholder av alt.

Jeg er nødt til å presisere at jeg ikke mener at det er en plan med alt det onde. Poenget er at vi må stole på Gud og stole på at Gud kan bruke også det onde til det gode. Videre tenker jeg at dette henger sammen med å legge livet sitt i Guds hender.

Under tiden som prestevikar ledet jeg 'den gyldne time' i lyskapellet noen ganger, og her brukes teksten fra Matteusevangeliet om at vi ikke skal bekymre oss. «Se på fuglene under himmelen! De sår ikke, de høster ikke og samler ikke i hus, men den Far dere har i himmelen, gir dem føde likevel.» (Matt. 6,26)

For meg er det nettopp dette det handler om, å stole på at Gud gir oss det vi trenger. I møtet med døden blir det en trøst fordi Gud, vår skaper, venter oss. I livet blir det en oppfordring til å senke skuldrene og vite at Gud, vår opprettholder, er nær.

Som avslutning vil jeg vise til en tekst av St. Theresa av Avila: «Ha ingen uro, ingen bekymring. Alt du behøver har du i Herren. Ha ingen uro, ingen bekymring. Du har alt, i Gud.»

Vikarpresten og vikarorganisten
Frilufstgudsteneste Fystro,
Vestre Slidre juli 2019



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggnes

E-POST:
post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID:
Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar	MARIANNE STRAUM	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjetenar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 29. OKTOBER 2019

FRAMSIDEFOTO: Eli Vatn - Konfirmantane si pilgrimsvandring frå Volbu til Hegge kyrkje søndag 1. september 2019.

LIDAR KYRKJE
Klokkar: Anne Britt Skåthun Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Mette Mari Lein
996 90 632

HEGGE KYRKJE
Klokkar:
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Gunvor Hegge
907 40 702

VOLBU KYRKJE
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Einar Eriksen
907 59 702

ROGNE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Berit K. Myrvang
970 02 721



Håp!

Håp; håp for kloden, korleis halde håpet oppe når så mykje mediedekning er negativ. Kva vil gje dei unge håp? Det er dette eg har bede med meg Øystein Skattebu for å drøfte.

Øystein driv mellom anna ungdomsklubben. Den nye Gapahuken med omkring liggande herlegskapar i form av skatepark, amfi og påtenkt rockeverkstad er den fysiske basen for mykje av arbeidet hans. I tillegg er han familiefar, snikkar, rockemusikar og står på lista til soknerådet i Volbu (eg torde ikkje spørje om han ville stå der eller berre ikkje hadde funne god nok grunn til å seie nei då han vart spurdt).

Eg innleier med klimakrisa som vi har høyrdd mykje om, og at eg tykte det gjorde så godt å sjå dei unge klimastreike, at dei tek eit grep, at dei kjenner at dei kunne gjere noko. Eg er redd for apatien som kan følgje av å sjå og kjenne på ei bekymring og at ein ikkje har høve til å handle. Det er mykje snakk om dei unge si mentale helse.

Øystein tek ballen; «Håp; det vert fort noko sjevande, høgt oppe! Slik eg oppfattar at det oftast vert brukt, er i samanhengar der ein nyttar det om ting ein ynskjer skal skje, eller om ting ein vil ha eller få, utan av det skal krevje større innsats. Som å håpe at ein arvar ein haug med pengar. Me håpar på veldig mykje, smått og stort, og me bør kanskje vere meir sparsame i bruken av ordet, eller det å basere oss på «håp»?

Eg er ein realist og praktisk, som meiner at ein må jobbe for å nå eit

mål. Du bygger ikkje eit bord ved å sitte og håpe. Håp blir for passivt i mange samanhengar, og gjerne ein unnskyldning for ikkje å handle eller bidra. Klimaet er noko viktig me må jobbe for å forbetre, og det vil krevje at det blir gjort upopulære prioriteringar som gjer til at alle får det litt mindre behageleg; utover det å flyge mindre enn å ete mindre kjøtt. Å berre håpe for miljøet og ei god framtid for ungane våre held ikkje, me må gjere meir enn å håpe. Me må handle fyrst, etter eit klart mål, og fyrst då kan me håpe at det vil hjelpe. Politikarane må vere tøffe og vise veg, og me må stemme på dei.

Me må like fullt støtte ungdommen som streikar for miljøet, og som har forstått at det må handlast. Dei trur at det kan hjelpe, og det må me støtte dei på.»

Vi går gjennom Tingvang-feltet, barnehagelydane innhentar oss, og eg tek tak i håp for ungane. «Kjenner du at du har mulighet til å handle i forhold til ei god framtid for di eiga dotter?»

Jo, han gjer det. Hedda er berre tre, og eg tenkjer meir eller mindre høgt; «berre vent!» Øystein let seg ikkje distrahere og held fram: «Kvar dag handlar om å seie til seg sjølv og formidle til henne at ho er god nok, bra nok. Vi samanliknar heile tida ungane våre mot andre eller en standard, om kvar er dei i høve til desse/denne.

Det kan bli eit press som devaluerar, gjer oss misnøgdde eller bekymra. Det finaste med å ha valt å koma heim til bygda eg vaks opp i, er å kjenne at eg for min del ikkje treng å vere alt som verka naudsynt då eg var ute og studerte. Her vart eg tryggare på meg sjølv, og fann min plass. Eg kjenner meg god nok, på tross av alt eg ikkje kan, eller det kunne ha gjort betre. Eg håpar at Hedda blir del av eit samfunn der skilnader vert meir utjamna eller akseptert, og at me ikkje så lett kjenner på kva me manglar eller ikkje er gode nok på.»

Det kling vel i øyro mine, både med tanke på skilnadene på verdsbasis, men og i dei små samfunna vi lever i. Likeeins når han held fram at vi ikkje skal vera like; at vi er mangfaldige og treng mangfald!

Mora med vaksne born kjem på banen igjen og seier for eigen del at det er når ungane er store, og eg ser eller tenkjer «Dette kan gå gale, men det er ikkje eg som kan løyse livet deira» at eg treng håp. Det er da eg tenkjer at håp har sin verdi som noko meir høgtflygande, noko å halde i når vi ikkje kan ta grep, kan handle for å løyse problema.

Øystein er på alder med mine born, og det gjer godt å høyre han svare ganske jordnært og handterleg: «Vi har jo som menneskje stor evne til å snu oss eller reise oss når noko går



Øystein på verdivandring, for handfaste håp!

gale. Men det fordrar at me har eit erfaringsgrunnlag som fortel oss at ting kan snuast. Me treng ein bank av både gode og dårlege erfaringar, slik at me kan krasje totalt for så å reise oss. Me må legge opp til at ungane får eit så stort erfaringsgrunnlag som mogleg av både positiv og negativ art.

MIN SALME



For nokre år sidan var eg så heldig å få vere med på pilegrimsvandring frå Hedalen til St. Tomaskyrkja. Dette var ei spesiell oppleving på fleire måtar, og eg lærte nye ting både om meg sjølv og områda vi vandra i.

Kvar morgon før vi starta å gå, eller når nokon av ulike årsaker forlet gruppa, song vi ei keltisk velsigning som er omsett til norsk i fleire versjonar (til dømes salme 624)

Verset dukkar ofte opp når eg er ute i naturen, eller når eg tek avskjed med nokon eg kanskje ikkje ser så ofte. Sjølv om det berre er eitt vers syns eg det seier mykje om det å ynskje det beste for kvarandre, og ein kvardag utan for mange hindringar og vanskar av ymse slag.

– Marianne Straum

Dei må lære at det krev innsats, og at ikkje allting kjem rekande på fjøl. Som regel møter me alltid på ulike hinder eller utfordringar, og til fleir hinder me har møtt på, jo betre er me skikka til å takle dei nye.»

«Er det dette som gjev unge håp? At dei får prøve seg, greie, ikkje greie og reise seg?» Undrar eg.

«Eg trur du lettare har håp, om du har eit erfaringsgrunnlag som tilseier at noko kan gå bra berre du jobbar for det. Me får tru på oss sjølv ved å oppleve meistring, og ved å få mange gode opplevingar der ein ser at innsats lønner seg. Så er det slik at me er forskjellige, og at me ikkje får dei same erfaringane frå dei same situasjonane. Difor treng me å prøve ut nok til å finne ut kva det er som gjev oss meistringskjensle.»

Øystein fortel om seg sjølv. Han fortel om den vesle gjengen som dreiv med ein musikk dei vaksne ikkje var så glad i, men likevel fann eit miljø, nokre få speleoppdrag og nokre eldre ungdommar som hadde rockefestival i hoppbakken; forløparen til Trollrock. «Det gav eit årleg mål å øve mot, årets høgdepunkt, der dei personane

me såg opp til og anerkjende også anerkjende oss.» Spesielt brenn hjarte for desse som ikkje heilt følgjer «hovudstraumen»; samfunnet sine anerkjende aktivitetar. Alle trengst i mangfaldet, og kva har ikkje rockefestivalane betydd for Valdres?

«Det er dette eg ynskjer at ungdomsklubben skal vera: ein stad der ein kan prøve seg på det ein likar og får til; at ein blir sett og anerkjend ut frå eige nivå og preferansar, og at ein kan vera trygg som seg sjølv i dette mangfaldet vi treng.»

Vi er ved veggens ende. Skateparken ved Gapahuken. Kroneksempelen på kva det går an å få til. Øystein hugsar tilbake til då han prata med ei handfull unge gutar om skatetilhøva på ØSUS, om dei var nøgde med det slik det var. Dei hadde nokre forslag om beskjedne forbetringar, men gjennom målretta arbeid og innsats, vart dei tekne på alvor i administrasjonen og blant politikarane, og no, halv annan million seinare, ligg den nye betongparken der!

Med litt meir frisk luft i lungene, litt meir energi og litt meir håp seier eg tusen takk for turen!

MÅ DIN VEI GÅ DEG I MØTE

*Må din vei gå deg i møte,
og må vinden være din venn,
og må solen varme ditt kinn,
og må regnet vanne mildt din jord.
Inntil vi ses igjen må Gud holde,
holde deg i sin hånd.*

Stølsmesser



Taraldstølen | 14. juli

Hegge sokn *tekst og foto: Gunvor Hegge*

For 7. sommaren på rad inviterte Eli prest og Hegge sokneråd til ei lita vandring rundt eit tema før støls-messa. Temaet i år var stein. Klokket 10.00 søndag 14. juli møttest seks glade damer fram på Taraldstølen til ein fin tur gjennom skogen opp på Svøo.

I tillegg til å vera ei naturperle der Ringåne sildrar seg nedover store svaberg, er Svøo også eit historisk område for oss øystreslidringar. Det var her bautasteinen som står ved Tingvang vart teken ut og frakta ned i bygda vinteren 1914. Det var ei arbeidssam reise, 14 hestar og 24 mann bauka seg gjennom snøen, over Vindin, opp Klavavikbakken til Bergabygde, ned Sælshagane og vidare sørover til Tingvang. Dette tok fire dagar. Steinen vart avduka 17. mai 1914, til minne om dei 77 som var med i krigen i 1814. Det er og teke ut stein til andre formål her, og ein ser enno jernnaglar eller kilar som står att der dei prøvde å sprengje



Olægret | 21. juli

Volbu sokn *tekst: Arnlaug Ekerbakke og Marianne Straum / foto: Marianne Straum*



berget frå kvarandre for å ta ut heller til t.d. grindestolpar. Eli hadde med eit par dikt til ettertanke, og fabulerte rundt begrepet stein. Kven er bautaen i våre liv, og kven er vi bauta for? Etter vandringa tok Torger Hegge og Ingebjørg Blomlie imot oss til stølsmesse på Taraldstølen. Torger fortalde om stølen og drifta der som var komen i gang att dei siste åra, og Ingebjørg las eit fint dikt som Ingebjørg Langedal, grandtanta til Torger, hadde skrive om livet på Taraldstølen rundt forrige århundreskifte. Vi fekk også høyre historia om bakgrunnen for namnet på stølen, fortalt av Harald Reinlie. Han peikte også på at i fylgje primstaven var 14. juli midtsommar, då alt er på sitt frodigaste. Og det var lett å sjå på denne fine sommardagen! Etter ein langeleiklått som preludium kunne gudstenesta koma i gang.

Eli knytte også delar av preika si til temaet vi hadde tidlegare på dagen, og med ord til ettertanke bunde saman med fine salmar vart det ei fin stund for dei 55 frammøtte. Tradisjonen tru var det også her kyrkjekaffe etterpå med gode kaker og lappar med rømme og syltetøy. Ein stor takk til Ingebjørg og Torger som opna stølstunet sitt for oss, og takk til oppsitjarane på Taraldstølen som bistod med god tilrettelegging og traktering!

Det var godt å kome inn i det varme sælet til Gunnvor Onstad denne litt hustrige sundagen. Til og med nokre amerikanarar hadde take turen!

Dottera Jorunn kunne fortelje at sælet vart flytta til Olægret i 1822, og var ein del av ein støl for folk frå Hedemarken som dreiv med fjernstøling her. Dei brukte ei veke på bufaringa. Då Gunnvor arva plassen etter systema si i 1999, reiv dei golvet i stova og fann ein mur som viste seg å vere frå ei årestove frå midt på 1600-talet. Eigarane har take vare på mykje gamalt, og det var mest som å kome inn i eit lite museum. Sokneprest Eli Vatn las mellom anna frå Jes 66,18-19, og preika tok utgangspunkt i Markus 3,13-19 om då Jesus kalla til seg dei tolv apostlane for fyrste gong. Magne Olav Selland stod for det musikalske med stemningsfullt munnharpe- og felespel. Tusen takk til vertskapet for nydelig traktering til dei 43 frammøtte!



– Sørre Trøllåsen | 4. august

Rogne sokn *tekst og foto: Berit Karlberg Myrvang*

Angen av høgsumar, bjelleklemt frå geiter og hanegal møtte oss på dette trivelege stølstunet på SørreTrøllåsen. Anne Finnbråten og Morten Steinsrud opna stølen sin for messe med dåp og kyrkjekaffe denne syndagen.

75 møtte fram, deriblant lettbeinte og blide Sigrid Roland på 100 år! (Bilete i midten) Morten ynskte velkomen til fjells og kunne fortelja om nyetablering av støl i 2015 og om stølslivet elles under



”Klokkarberget”. Morten fekk også kime med kyrbjølla, ein var og vakker klang som sette an ei høgtidsstemt tone for barne-dåp og messe i ”Guds frie natur”. Organistvikar Thomas Immanuel Vatn Weisser spelte nydeleg preludium og postludium på munnspelel og var tonefylgje til salmane på torader. Prest Eli Vatn preika rundt Markus 12, 28-34 om kva som er det største budet, om kva som er meininga med livet og kvifor me er her, og fortalte også frå ”Den lille prinsen” for å illustre-re svara på dei grunnleggande spørsmåla. Hjarteleg takk til vertskap, Eli og Thomas Immanuel som stilte opp og gjorde denne dagen so fin!



Hedalsstølen | 11. august

Lidar sokn *tekst: Mette Lein / Foto: Aud Eva Bergo*

Søndag 11. august inviterte Anne Hanslien og Gudrun Sælid til stølsmesse på Hedalsstølen. De tok imot gjestene på en flott pynta støl både ute og inne. Tore Gran stod for musikken og sokneprest Eli Vatn holdt gudstjenesten.

Værgudene var i det litt lunefulle hjørnet, så etter hvert falt

valget på å gjennomføre gudstjenesten inne. Rundt 50 personer hadde tatt turen til Hedalsstølen denne søndagen, og med litt godvilje gikk det helt fint og alle fikk en plass inne. Tradisjonen tro ble det servert kaffe og kake etter gudstjenesten, og ettersom været var i godlune da, var det flere som tok kaffen og praten ute på tunet. Praten gikk lett blant gamle kjente, og spesielt hyggelig var det at flere var på stølsmesse for første gang, og synes rammen og stemningen var flott. Stor takk til Anne og Gudrun. Vi kommer gjerne igjen.

Konfirmasjon

- før og no

v/ MARTHA VIKEN OG LILLIAN NORLI

kunne heller ikkje gifte seg eller ha eigeidom. Kong Christian VI ba hoffpresten i Danmark-Noreg om å lage ei lærebok til konfirmasjonsopplæringa, og Pontoppidan si forklaring til Luther si katekisme kom ut i 1737, og vart brukt i Noreg heilt fram til på 60-talet.

Mangt har heldigvis endra seg sidan den gongen. I denne utgåva av kyrkjebladet er framsida fylt med bilete av dei som skal konfirmerast våren 2020. Vi vil så gjerne at konfirmasjonstida skal bety noko for dei og at dei minnst ho med glede. Vi har spurt nokre konfirmantar frå forskjellige årganger kva dei hugsar frå si konfirmasjonstid og kva det har fått å seia for dei i ettertid.



TOR HARALD SKOGHEIM

KONFIRMANT 1969

EG HUGSAR ikkje så mykje frå sjølve konfirmasjonsdagen, bortsett frå at det var feiring med middag heime etter at vi var ferdige i kyrkja. Gjester var onklar, tanter og syskenbarn frå naboehusa på Skogo, og frå Trøndelag og Drammen.

Litt taler var det nok, eg hugsar i alle fall at tante Tora som vanleg var morosam å høyre på. Og far, som var veldig lettrørt, måtte rett som det var opp med lommetørklede. Det var sjølvstekt flautt! Eg fekk ny sykkel som gåve av foreldra mine, det var stas, sjølv om girsykkel var for eksklusivt i vårt miljø.

Minnene frå konfirmasjonstida er nok prega av at eg var eitt år yngre enn nesten alle dei andre, knappe 14 år. Dette fordi eg skulle begynne på realskolen på Fagernes rett etter folkeskolen, og der ville dei at vi skulle vera fer-



MARIT LERHOL

KONFIRMANT 1969

15. JUNI 1969 vart eg konfirmert. Hadde då gått til presten, eller rettare sagt sykla, ein månad til Tingvang for å få undervisning av prest Eiel Holten.

Der måtte vi læra utenat salmar, bibelteksta og andre ting.

Frå min konfirmasjonsdag kan eg hugse at det var veldig fint ver, selskapet hadde vi heime. Foreldra mine hadde nok hatt dette selskapet i tankane i lengre tid, mykje måtte planleggast.

Eg fekk ny bunad med alt tilbehør, det

Me kan takke kong Christian VI at han innførte konfirmasjonen i 1736, som «en almindelig Regel og skyldig Pligt».

Alle som ville bli noko i samfunnet måtte konfirmere seg.

Dersom ein av ein eller annan grunn ikkje ville, eller greidde svare på prestens katekisasjon, kunne kome på tukthus. Han

Mangt har heldigvis endra seg sidan den gongen. I denne utgåva av kyrkjebladet er framsida fylt med bilete av dei som skal konfirmerast våren 2020. Vi vil så gjerne at konfirmasjonstida skal bety noko for dei og at dei minnst ho med glede. Vi har spurt nokre konfirmantar frå forskjellige årganger kva dei hugsar frå si konfirmasjonstid og kva det har fått å seia for dei i ettertid.

dige med «prestegåinga», slik at denne ikkje kom forstyrrende i førebuingane til eksamen fyrste våren.

Det var difor mange av medkonfirmantane eg ikkje kjende, bortsett frå dei som hadde gått eitt år over meg på Midtre Hegge skule.

Eiel Holten var prest, og vi hadde timane i storsalen på Tingvang. Dit sykla vi, både til og frå, og det var mange kilometer for dei som budde lengst unna. Eg hugsar pugging av salmevers, og at nokre av dei større gutane fann på litt «sprell». Blant anna drog dei talarstolen som presten brukte heilt over på andre sida av salen. Innhaldet elles i konfirmasjonstida hugsar eg lite av, utan at eg i ettertid har reflektert over om det var meg eller opplegget det var noko gale med!

Eg kan ikkje heilt sjå at det at eg vart konfirmert for 50 år sidan har påverka meg i nokon retning som har med tru å gjere. Alle konfirmerte seg den tida, og noko anna alternativ enn i kyrkja fanst ikkje då, så langt eg hugsar.

og selskapet var gåva fra mama og papa. Vi var 5 sysken, eg den nest yngste så dei hadde vel rutiner på dette.

Syndag den 15. var vi Hegge kyrkje, sjølv konfirmasjonsdagen. Eg var nok spent på om eg fekk spørsmål, eventuelt kva eg vart spurt om. Meina å hugse at eg vart spurt, men kjem ikkje på om kva. Gjekk sikkert bra for eg vart konfirmert.

Mandagen etterpå var det til Rogne kyrkje der vi fekk nattverd. Då var det ikkje bunad, eg hadde fått ny kjole.

Den dagen var det konfirmant med foreldre. Det som eg kanskje tenkjer fyrst på når det gjeld konfirmasjonstida er all pugginga.....

Det kan eg no i dag, synest det er fint å kunne salmane utenat, må berre få lært dei nye melodiane.



Har ikkje vore nokon ivrig kyrkjegjen- gar i desse 50 åra, det var blitt ved dei vanlege merkedagane i familien, dåp, konfirmasjon, bryllup og gravferder. Då har kyrkja vore ei fin og god ramme. Eg har heller ikkje i stor grad kjent på dårleg samvit for at vi har brukt kyrkja nesten berre ved desse høva.

Mi kyrkje har vore naturen. Der har det alltid vore høgt under taket, rom for å undre seg, til å kjenne seg liten, til å filosofere over livet – i gode og i tyngre dagar.

Men eg må leggje til at eg opplever at takhøgda også i Den norske Kyrkja har blitt langt høgare på desse 50 åra, og det er sanneleg bra!



MARI RABBen LUNDBY

KONFIRMANT 1997

JEG VALGTE borgerlig konfirmasjon da jeg var 14 år gammel. Jeg var ikke døpt som barn, men har vokst opp med at det var opp til meg å tenke selv hva jeg trodde og mente, og det var rom for uenighet. Jeg følte jeg stod fritt til å velge. Den humanetiske konfirmasjonsopplæringen hadde mye fokus på etikk og verdivalg. Man måtte reflektere over egne ståsted. Det likte jeg. Selve dagen husker jeg som en fin og høytidelig markering som handla om at jeg ble voksen og en feiring av hvem jeg hadde vært til da og hvem jeg var i ferd med å bli.

Da jeg konfirmerte meg vet jeg ikke om jeg var moden nok til å vite helt hvem jeg var enda, og langt mindre hva jeg skulle tro på, spesielt siden jeg ikke hadde vokst opp med en barnetro. Jeg synes det var vanskelig å forstå at



INGA THON ROGNE

KONFIRMANT 2019

Intervju med ein av vårens konfirmantar.

Kvifor ville du konfirmere deg i kyrkja?

Eg er døpt i kyrkja, og det har alltid vore mitt ynskje å konfirmere meg i kyrkja.

Dessutan er det tradisjon i min familie, og eg synest det er ein fin skikk og overgang til ungdom- og vaksen livet.

Korleis var førebuinga til konfirmasjonen din?

Fyrst hadde me pilgrimsvandring frå Volbu til Hegge kyrkje, der fokuset var på dei 10 bud.

HEKTA, var den største opplevinga. Då var me på Lillehammer, og der møtte me på mange andre konfirmanter. Det var veldig sosialt og lærerikt med mange artige aktivitetar. Me fekk bl.a. utdelt eit hjarta der me skulle skrive positive ting til kvarandre. Me las i Bibelen og hadde samtale om det me las. Ellers i timane

det kunne finnes en Gud når det skjer mange forferdelige ting i verden. Etter som jeg har blitt eldre så har jeg tenkt at man må skille mellom det man tror på og det mennesker gjennom tidene har gjort mot hverandre med religion som begrunnelse.

Da jeg var 20 valgte jeg å melde meg inn i statskirka og bli døpt. Jeg tenker at for meg var det å døpe meg et personlig valg, det handla mest om hvilke verdier jeg står for. Noen vil sikkert si jeg ikke er troende, men jeg tenker det er mange måter å tro på og jeg synes vi skal ha aksept for at hver og en av oss må gjøre det på sin måte. Jeg synes at det er viktig å ville hverandre vel og ta vare på hverandre, selv om det ikke alltid er lett. Det er fint å være del av noe som er større enn seg selv.

Dagen jeg ble døpt var ingen stor feiring, det var et personlig valg og jeg hadde ikke behov for at det skulle være en stor markering. Besteforeldrene mine var faddere og kom langveis fra for å bli med meg, og det husker jeg godt, for

lærde me Truedkjenninga og Fadervår, me song salmar og lærde om kyrkjelege handlingar som dåpen, konfirmasjon bryllup og gravferd.

Kva hugsar du best frå sjølve konfirmasjonsdagen?

Eg gledde meg til å ha på meg den fine bunaden min. Det var høgtideleg då eg gjekk åleine opp til altaret, og presten la handa på hovudet mitt og bad for meg. Så vart det tent eit lys, og eg fekk ei rose frå soknerådet.

På sjølv laget mitt etterpå hadde eg fått bestemme mykje. Eg ville ha det på Myhre gard, då eg er veldig glad i hestar. Borda skulle vera pynta med grønt, rosa og kvitt – vårfargar!

Eg hadde og hestesko til pynt på borda. Dei var sylvfarga og med opning mot meg, for det tyder LYKKE! Bordkorta var av skifer som mama og eg hadde funne, papa skar dei til og namna til gjestene var det mama som skreiv.

Eg syntest det var moro å samle alle dei næraste slektningane mine på baa sider. Mama tala og papa spelte, tante Ingrid viste lysbilete frå heile livet mitt m.m.



dette betød veldig mye for dem og det var fint både for meg og dem at de var der. Det var en liten seremoni med de aller nærmeste.

Jeg tenker jeg var mer klar over valget enn det jeg hadde vært om jeg konfirmerste meg i kirka som 14 åring.

Gåvene hadde eg ikkje tenkt på, så det var bonus!

Trur du konfirmasjonstida vil bety noko for framtida di?

Det veit eg ikkje, men eg har lært mykje om kristendomen. Det er vanskeleg å tru på alt, men eg veit at eg høyrer til i kyrkja.





50-års konfirmantar i Hegge, 2019 *foto: Saskia Aleida Van Veen*
 (f.venstre) rad 1: Eli Vatn, Guri Nordtorp, Marit Lerhol. rad 2: Berit Fuglesteg, Ragnhild Margrethe Haugen, Anne Kari Enger, Berit Nedrelid.
 rad 3: Astrid Ekeberg, Berit Gunvor Wangen, Bjørg Ingrid Haugseth. rad 4: Tor Harald Skogheim, Geir Olav Bergli, Harald Reinlie, Gunnar Skogen.

50-års konfirmantar

SØNDAG 18. AUGUST var konfirmantkullet i Øystre Slidre frå 1969 invitert til gullkonfirmantgudsteneste i Hegge Kyrkje, med påfølgjande middag i Hegge Kyrkjestogo etter messa.

15. juni 1969 stod 23 personar til konfirmasjon i Hegge kyrkje. Av desse var 14 påmeldt til gullkonfirmantmarkeringa og 13 møtte. To frå dette kullet er gått bort.

Soknerådet i Lidar og Hegge hadde ansvaret for tilstellinga, der det vart servert gryterett med tilbehør, blautkake, ostekake og kaffe.

Den nyoppussa kyrkjestogo i Hegge skapte ei stilfull ramme rundt festen. Magne Olav slo an tonen for feiringa med stemningsfullt munnharpespel, og etter den innleiande presentasjonsrunden gjekk praten fort lett over bordet, der mange historiar frå konfirmanttida fekk fram latteren etter kvart som minnene strøymde på.

Etter at det oppsatte programmet var over, fortsette mange praten og mimringa ei god stund ute på kyrkjebakken denne fine augustsundagen.

*- For gullkonfirmantkomitéen
 Aud Eva Bergo.*



Solveig Sandberg



Altarduk i Volbu kyrkje



foto: Saskia Aleida Van Veen

BLI MED MEG INN i den kvitmåla kyrkja i Volbu. Det fyrste som slår oss er kor lita og intim ho er. Vi sit tett og kjenner oss innramma av harmoni innanfor dei lyse lune tømmerveggane. Historia seier at det var Ola i Uren, husmann under prestegarden i Slidre, som rundt 1830 sto for reisinga av bygget. Tidlegare hadde det stått ei stavkyrkje på staden som var bygd rundt år 1150! Fleire av dei gamle bygningsdelane vart nytta omatt. I stavkyrkjemuseet attmed kyrkja kan ein framleis sjå t.d. vegg- og golvplankar frå middelalderkyrkja som var via til helgenen St. Blasius.

Men no er det altarduken som skal ha fokus. Her i dette kyrkjerommet kjem vi tett på altaret som er hjartet i kyrkja. Avstanden er i det heile liten mellom oss i kyrkjebenkane og det som foregår ved altaret. Dei fargerike glasmåleria som får lys frå kvardagen utanfor, bidreg også til å gje oss ei kjensle av å vera på ein heilag stad.

Fronten på altaret i kyrkja har eit gammalt måleri frå 1300-talet som skildrar scener frå Jesu liv. Her er det mange hensyn å ta når det gjeld val av kyrkjetekstilar. Sjølve altartavla er måla av Ole Hermudsen Berge (1768-1825). Vi veit ikkje sikkert når han sto i

den gamle stavkyrkja her i Volbu og måla, men dersom det er han som også har måla planken med inskripsjonen over inngangsdøra: «Frygter Gud Ærer Kongen Anno 1788», kan han også ha måla altartavla på den tid.

Kva passar vel betre enn ein linduk med firfletting på dette altaret? Ragnhild Onstad som levde heile sitt vaksne liv i Volbu, meistra denne gamle teknikken til fulle. Det var Magny Karlberg som vov tøyet og så kunne Ragnhild i 1986 setja seg til å flette vakre mønsterbordar med renningstrådane. Slikt flettingsarbeid med fire trådar er svært tidkrevande og har røtter langt bakover i tid. Volbu kyrkje har også både preikestol- og døypefontklede med firflettingar frå hennar hender. For å ta godt vare på duken laga Anna Moen ein overduk.

Mjuka tekstilar er som kjent eit forgjengeleg materiale. Likevel heng det i koret ein voven altarduk med granateplemønster i glas og ramme. Anne Nilsdatter Spydeberg som var dotter til presten i Slidre laga denne i 1669. Apropos å gje gaver til kyrkja, det var far til Anne, som i 1638 gav vinkalken som truleg enno er i bruk i kyrkja, men det er ei anna historie.

HEILT FYRSTESKLASSES GUDSTENESTE I ROGNE OG LIDAR!

Sundag 25. august var Rogne kyrkje og Lidar kyrkje fylt av flotte fyrsteklassingar, som hadde teke turen til kyrkja for å få «Mi kyrkjebok». I tillegg til song og bibelforteljingar kunne dei som ville delta på bønnevandring der dei kunne undra seg over bønepeler, hjarter med fingeravtrykk, og eit kors frå dåpsvatnet på handa.

Kyrkjebygget var fylt av liv denne dagen, noko som verkeleg gjorde Jesu ord frå dåpsliturgien levande: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje. For Guds rike høyrer slike til». Som vaksen kjenner eg at me treng borna rundt oss, som vaksne treng me og å undra oss, tru på det me ikkje alltid kan sjå og møte dei ikring oss med eit ope sinn. Borna er framtida vår, og framtida skal vi ta godt vare på.

TEKST: ELLEN O RUDI, KYRKJELYDSPEDAGOG



UTDELING AV 6-ÅRSBOK I ROGNE KYRKJE.

Lotta Rudi, Celina Nysveen Onstad, Synne Stavenjord Rogne, Gustav Rabben Lundby og Emil Flatmo Aasbakken. Aune Rogne, Anna Alund, Maria Sørfonden, Amund Heensåsen Fauske, Ole Matias Aarøen Haugen og Helle Margrethe Løkkebø og prost Carl Philip Weisser.

FOTO: ØVIND ABELSEN

UTDELING AV 6-ÅRSBOK I LIDAR KYRKJE.

Fremst frå venstre Prost Carl Philip Weisser, Hiyab Solomon Hidray, Christina Thune, Eline Aasdokken Robøle, Tuva Prestrud og Eiril Hedalen Skaret. Bakerst frå venstre Vemund Elias Rakstad Hansen, Mathias Rakstad Nysveen, Iver Helle Larsen og Mattis Lie Selland.

FOTO: JORID MORISBAK

Fyrste- klasser bibelforteljingar!

Liv og røre, men òg ro og godnøgd stemning, mette magar, ei forteljing i sinnet og plastilina eller fargestifter i hendene når fyrste klassingane med familie har møttast i Rogne kyrkjestogo tre onsdagar ved skulestart! Flanellografen er definitivt ikkje gått av moten!

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Lydhøyre 6 åringer med familie, kyrkjelydspedagog Ellen Oddveig Rudi og flanellografen.



Storm på Genesaret sjøen, og Jesus som går på vatnet



Mylkje spanande for Josef å finne hja Faraos!



Flanellograf fenger



ER det nokon sak med så blide suppekakarar og pannekakesteikarar!



Restaurering av bårhuset ved Rogne kyrkje.



Utsida av bårhuset.




Inne i bårerommet er golvet dekket med skiferstein.

TEKST OG FOTO: MARIANNE STRAUM

Restaureringa av bårhuset frå 1967 nærmar seg slutten – eit arbeid som vart sett i gang mykje takka vere gåver som er gjeve til kyrkja. Dei utvendige veggane er fiberpussa og skal målast. Etter kvart skal og dørene skiftast ut. Inne er fundamentet ved døra isolert og støypt på nytt. Heile golvet er retta noko

opp, og dekket med skiferstein frå skiferbrotet i Rogne. Valdres Naturstein har skore skiferen. Rogne bygg har stått for vedlikehaldet og Egil Trandokken for det elektriske arbeidet.

Takk til alle som har hjulpet til med restaureringa!



Kjære små og store lesarar av På kyrkjeveg!

Vi håpar du set pris på å motta bladet i postkassa di! Kyrkjebladet i Øystre Slidre vert sendt ut til alle husstandar i kommunen, samt andre interesserte rundt omkring i landet. Om de er ein av dei som er takknemleg for å få bladet, set vi stor pris på ei gåve til dekning av utgiftene.

Etter at det vart slutt på å sende ut giro i bladet er desse midlane gått betydeleg ned. Derfor prøver vi no å "lime inn" ein blankett i dette bladet som du finn på baksida av denne sida.

Denne kan du kan klyppe ut, og legge den som ei påminning. Vi tillet oss å tipse om fast oppdrag. Ein god ide er å legge eit fast oppdrag inn i nettbanken som går ein gong i året. Praktisk for deg, og til stor hjelp for oss som lagar bladet.

Gåva til bladet er sett til kr. 200,- pr. år og dei som bur utanbygds kr. 250,- pr. år. KONTONR. 2135 25 01678 eller du kan betale med vipps til nummer 105751.

Har de stoff de vil ha inn i bladet er redaksjonen takknemleg for det.

Vi seier tusen takk for alle bidrag.

Med helsing Redaksjon.

SNIPP SNAPP SNUTE...

ei eventyrleg tid er ute!

Anne Nora Alund går av som kyrkjevevjerje etter vel 20 år ved roret!

Det er vel verd ein takk og ei markering. Det har vore mykje eventyr, og likevel alvor og arbeid. 20. oktober startar avskjedsfesten med ei songgudsteneste i Rogne kyrkje klokka 19.30 og vi held fram i kyrkjestogo med litt å bite i og høve til å seie takk og lykke til med nye eventyr. Hjarteleg velkommen!

- Eli Vatn

NY KYRKJEVEVJERJE I ØYSTRE SLIDRE



Med stor glede er det vi tek imot Marianne Straum som ny kyrkjevevjerje i Øystre Slidre.

Det er alltid spanande med skifte i stillingar, både for oss som arbeider i lag og for alle vi er sett til å tene. Vi har god tru på at dette blir bra.

Nærmare presentasjon av Marianne vil kome i neste blad, og alle som har lyst og høve er hjarteleg velkomne til å koma innom kontoret og helse på!

- Eli Vatn



Tradisjon tru vert 6. klassingane inviterte til å væra Lysvakne i Hegge fyste helga i advent!

Vi gledar oss til liv i kyrkjestogo og lys til langt på kveld i Hegge kyrkje! Tidlegare år har vi vore samla til Lysvakne helg både i Rogne og i Hegge. I år gjer vi det felles for desse som til neste år skal gå saman på ØSUS.

Hjarteleg velkomne, invitasjon kjem!

-Eli Vatn

TESTAMENTGÅVE

Me takkar hjarteleg for testamentgåve på 5000,- kr etter avdøde Edvard Skattebo. Pengane kjem Rogne kyrkje og soknet til gode.

-Rogne sokneråd v/ Berit K. Myrvang

DIAKONITREFF I ROGNE KYRKJESTOGO

I vårhalvåret hadde vi desse samkomene: 27. februar. Leif Gunnar Engedal, professor emeritus frå MF og hytteeigar øvst i Volbu gjennom over 30 år, teikna eit livslandskap for oss. Han er ein stor kapasitet i Norge innanfor religionspsykologi og ei fullsett kyrkjestogo var eit lydørt publikum. Han snakka klokt om kva livet gjer med oss og korleis vi kan få hjelp til å bera det.

3. april Trond Øigarden, biolog med hovedoppgave på Fossekall (!) og gjennom fleire år dagleg leiar for pilgrimsfellesskapet St. Thomas i Valdres. Han snakka om Blomster, fuglar og dyr i kristen tradisjon og viste oss flott bilder på skjermen.

I tillegg til å ha ein gjest på desse treffa, har vi ord for dagen, mykje sang- og ikkje å forgløyme- eit triveleg måltidsfellesskap med flotte påsmurte smørbrød og gode kaker.

Vi hadde også ei triveleg våravslutning med rømmegraut.

Før dette går i trykken, har haustsemesteret begynt og vi har hatt vår årlege tur, som denne gongen gikk m.a. til Borgund stavkyrkje og museet der.

Den 16. oktober kl. 11.30 møtest vi att i Rogne kyrkjestogo der Helge Hansen blir med. Etter dette vil det nye soknerådet ta stilling til kor ofte vi skal møtast.

Det er alltid plass til fleire, så følg med i bladet og på nettsida til Kyrkja i Øystre Slidre.

For diakonitualet for Rogne og Volbu Ingrid Meyrick



KYRKJELEGE HANDLINGAR

JUNI - SEPTEMBER 2019

DØDE

VOLBU SOKN
Gunnar Odde Hauge
(Urnedesetting)

ROGNE SOKN
Einar Vårlund
Kristian Oddvar Grobakken
Sonja Linea Bråthen

HEGGE SOKN
Haldor Enger
Margit Aslaug Solhaug
(Skrautvål sokn)

LIDAR SOKN
Kjellaug Stølen
Anne-Lovise Dahle
Johan Svein Edvard Sørensen

DØYPTTE

ROGNE KYRKJE
Adam Fjeld
Johannes Aleksander Sindsen Hesjadalen
Embrik Sebu
Oline Andrea Bolstadbråten
Aksel Lien Helland
Erik Storhaug Storstad
Eskil Bolstadbråten Moe
Jørgen Hesjadalen Linn

ROGNE SOKN, SØRRE TRØLLÅSEN
Elvine Engen Skattebo

HEGGE KYRKJE
Malin Solhaug Svanheld

LIDAR KYRKJE
Eline Linn Skogen

LYSKAPELLET
Oline Bakken Myrvold
Magnus Sandum

VIGSEL

ROGNE KYRKJE
Vendla Cathrine og Per Gunnar Onstein

HEGGE KYRKJE
Grethe og Bjørn Beito
Birgit Skattebu og Atle Alund

LIDAR KYRKJE
Line Vibeke Kjendlie og Vidar Stenshall

LYSKAPELLET
Trine Bertha Fallet og Jan Terje Vestby
Hanne Valdø og Fredrik Jan Olof Stiebel

BITIBUA, LIDAR SOKN
Tove Beate Fritsdatter og Martin Alund

BEITO, LIDAR SOKN
Annette og Rune Lien-Lyhus
Bente Kristin og Knut Ole Brendestuen-Rudi



Klipp ut.

Me er takksame for støtta du gir!

Kvittering

Innbetalt til konto
2135 25 01678

Beløp

Betalersens kontonummer

Blankettnummer

Betalingsinformasjon

Mi gåve til På Kyrkjeveg

GIRO

Underskrift ved girering

Betalingsfrist

(Kan ikkje nyttas som brevgiro)

Betalt av

Betalt til
Øystre Slidre kyrkjelege fellesråd
Bygdinvegen 1989,
2940 HEGGENES

Belast konto

Kvittering tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

2135 25 01678



VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar.

Oktober

13 10 2019 VOLBU KYRKJE KL. 11.00.
Høgmesse. Konfirmantpresentasjon v/sokneprest Eli Vatn. Kyrkjekaffe. Takkoffer På kyrkjeveg.

13 10 2019 HEGGE KYRKJE KL. 14.00.
Gudsteneste. Dåp v/sokneprest Eli Vatn.

20 10 2019 ROGNE KYRKJE KL. 19.30.
Songgudsteneste. Dåp v/prost Carl Philip Weisser. Avskjed med kyrkje- verje Anna Nora Alund og avtroppande sokneråd. Kyrkjekaffe. Takkeoffer på kyrkjeveg.

27 10 2019 LIDAR KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste. Dåp v/prost Carl Philip Weisser. Konfirmantpresentasjon. Kaffe i Røde kors huset. Takkeoffer Leger uten grenser.

November

03 11 2019 HEGGE KYRKJE KL. 19.30.
Helgemesse v/sokneprest Eli Vatn. Takkeoffer Kirkens Nødhjelp.

17 11 2019 VOLBU KYRKJE KL. 11.00.
Høgmesse. Dåp v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Misjonsprosjektet mor og barn i Etiopia.

24 11 2019 ROGNE KYRKJE KL.11.00.
Høgmesse v/prost Carl Philip Weisser.

Desember

01 12 2019 HEGGE KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste. Dåp. Lysvaken for elevar ved Rogne og Lidar skule utdeling av Bibel v/sokneprest Eli Vatn.

08 12 2019 VOLBU KYRKJE KL. 11.00.
Høgmesse v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Kirkens SOS.

Pusterom

I Volbu kyrkje: 14. oktober, 18. november og 9. desember. Ope kyrkje i Volbu frå kl. 18.00. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30.

Desember forts.

20 12 2019 SKULEGUDSTENESTE LIDAR KYRKJE KL. 08.30.
v/sokneprest Eli Vatn

ROGNE KYRKJE KL. 10.00.
v/sokneprest Eli Vatn

VOLBU KYRKJE KL. 11.30.
v/sokneprest Eli Vatn

22 12 2019 LIDAR KYRKJE KL. 19.30.
Vi syng jula inn v/sokneprest Eli Vatn og konfirmantane.

24 12 2019 LIDAR KYRKJE KL. 13.00.
Julaftangudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

24 12 2019 LIDAR KYRKJE KL. 15.00.
Julaftangudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

24 12 2019 ROGNE KYRKJE KL.14.00.
Julaftangudsteneste v/sokneprest Eli Vatn.

24 12 2019 HEGGE KYRKJE KL. 16.00.
Julaftangudsteneste v/sokneprest Eli Vatn.

25 12 2019 HEGGE KYRKJE KL. 12.00.
Høgtidsmesse v/prost Carl Philip Weisser.

25 12 2019 Ø.S SJUKEHEIM KL. 16.30.
Julegudsteneste v/ prost Carl Philip Weisser.

25 12 2019 VOLBU KYRKJE KL. 19.30.
Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Soknekassa.

31 12 2019 VOLBU KYRKJE KL. 15.00.
Nyttårskonsert.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet. Hjarteleg velkomne.

Kyrkjeskys

LIDAR: Mette Lein 996 90 632
HEGGE: Hildegunn Dale 975 82 610
Synnøve Rødningen 992 37 680
VOLBU: Liv Heitun Eriksen 926 37 556
ROGNE: Gustav Fystro 910 04 468

Salmekveldar

i Rogne kyrkjestogo
7. oktober kl. 19.00.

Vi er innstilte på å halde på kvar måndag etter sundagar utan messe i Øystre Slidre - altså 11. november, 16. desember. kl. 19.00 - men dette må fyrst takast opp med det nye soknerådet. Følg med i avisa og på kyrkja si heimeside!
Vi møtes til mykje salmesang og lesing av tekstane for siste sundagen. Kaffipause ved soknerådet.

Babysong

15. oktober, 29. oktober, 19. november og 3. desember i Rogne kyrkjestogo kl. 11.00.
Babyar mellom null og eit år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

HELGEMESSE 3. NOVEMBER

er den sundagen i kyrkjeåret vi på ein særskild måte minnst dei i kyrkjelydane som har døydd frå oss det siste året.
Vi les opp namna tenne ljøs, og mange nyttar dagen til ein tur på kyrkjegarden.
Men messa er ikkje berre for dei som ber på sorg og sagn, sundagen er også til minne om «dei heilage» helgenane.
Difor er sundagens farge den kvite festfargen og ikkje den fiolette sørge fargen. Det er sundagen der vona om himmelen får stor plass, både i salmar og tekstlesingar. Sjølv om dei pårørande til dei som har gått bort får særskild invitasjon i posten er messa for alle.
Messa er for heile Øystre Slidre i Hegge kyrkje 3.november kl. 19.30.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER OGSÅ PÅ FACEBOOK.
/Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.

